



Lerøy Vest AS
5397 BEKKJARVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2155 - 18/1866

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
19.01.2018

Igangsettingstillatelse for riving av "ishuset" - gbnr 229/6 Skår (Bjørsvik)

Administrativt vedtak. Saknr: 029/18

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av riving av «ishuset», del av hermetikkfabrikken. Det er gjeve rammeløyve for riving av bygget i vedtak datert 16.08.2017.

Det vert elles vist til søknad motteken .

Vilkår i rammeløyve:

1. Ishuset skal dokumenterast med bilete, før, under og etter riving og supplerast med eventuelle byggteikningar.
2. Rivingsløyvet gjeld kun for ishuset. Det skal takast særskilt hensyn til den verna trehusbebyggelsen i heile rivingsprosessa for å sjå til at denne ikkje vert skada.
3. Det skal sendast inn situasjonskart som syner planlagt plassering av O2 tank. På situasjonskartet skal minste avstand i frå nærmeste bygg og minste avstand i frå nabogrense vere målsatt i kartet.
4. Det skal sendast inn komplett erklæring av ansvarsrett for alle ansvarsområda før det vert gjeve igangsettingsløyve.
5. Det skal sendast inn kvittering på nabovarsle for alle naboar og gjenbuarar før det vert gjeve igangsettingsløyve.

Nabomerknad:

Det er i saka kome inn merknader i frå eigar av gbnr 229/1 og 2:



«Vår merknad til nabovarselet er: Når eigedommen vår berøres, slik den vart då han tidlegare vart snauhogd bak huset som no skal rivast, vil vi ha informasjon og avtale før eigedommen vert teken i bruk. Med andre ord, det er ikkje fritt fram å bruke vår eigedom.»

Vår vurdering:

Ishuset ligg i sin heilskap innafor gbnr 229/6. Det er i søknad ikkje skildra noko arbeid korskje utafor eigedomsgrensa eller utover riving av ishuset og flytte O2-tank til der ishuset ligg i dag. Det går fram av merkningen at dette gjeld eldre tiltak, som kommunen er gjort kjent med i eit ega skriv. Vi gjer difor merksem på at dette ikkje vert vurdert vidare i denne saka, men vert fulgt opp vidare i **sak 16/2907**.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 e, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av riving av ishuset på følgjande vilkår:

- Rammeløyve av 16.08.2017 med vilkår gjeld for tiltaket.
- Alt avfall skal sorterast og leverast som næringsavfall til godkjent mottak.
- Faktisk plassering av O2-tank må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2155

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjarne Magnar Trefall

Østersvegen 22 9100

KVALØYSLETTA

Mottakarar:

Lerøy Vest AS

5397

BEKKJARVIK

Multiconsult Norge AS v/Nina

Kunnskapshuset, 5417

STORD

Skjerping

Sæ 132